



Kommunane i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Retningslinjer 2015 –«Støtte til Drift med taubane, hest o.a. og skogsvegbygging»

Vedlagt er nye retningslinjer fastsette 12.03.2015 av Fylkesmannen med heimel i "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket". Retningslinjene er gjort gjeldande gjeldande frå 1. april 2015, og vidareførast uendra frå 2014.

### Innspel/merknader til høyringsrunden

I samband med høyringsrunden har vi fått inn følgjande merknad;

- Det kan vere vanskeleg og lite realistisk å påleggje kommunane stadig meir kontrollverksemd i ei tid der dei kommunale ressursane til desse føremåla er minkande

Innstramma i regelverket med innføring av førehandsgodkjenning av alle drifter og ei ytterlegare presisering av kravet om etterkontroll, er innført for å unngå store avvik i høve til regelverket. Bakgrunnen for desse endringane er store avvik avdekt gjennom kontroll av tilskotsordninga.

Ansvaret for ei forsvarleg oppfølging av desse sakene går fram av «Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven». Sitat; "I alle saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven har kommunen ansvaret for å hente inn nødvendige opplysninger og tilrettelegge saken. Dersom kommunen ikke selv har myndighet til å avgjøre saken, skal kommunen utrede saken og gi uttalelse til vedtaksmyndigheten".

Utover dette har det ikkje vore vesentlege merknader til forslag til reviderte retningslinjer som blei sendt ut med frist for tilbakemelding 27. januar 2015.

### Vi minner blant anna om følgjande krav i retningslinjene:

- Alle drifter skal førehandsgodkjennast av Fylkesmannen. Kommunen førebur saka, dvs. vurderer den planlagde hogsten ut frå omsyn nemnt i retningslinjene og sender vurderingane m.m. over til Fylkesmannen for vedtak.
- Granskogen må vere hogstmoden. Dette går fram av tabell med lågaste totalalder for dei ulike bonitetane.

- For lekterhogst i kombinasjon med bruk av spesialutstyr (Highlander) skal miljømessige konsekvensar med tanke på kjøreskadar og erosjon vurderast særskilt og gå fram av dokumenta som sendast over til Fylkesmannen i samband med førehandsgodkjenninga.
- Foryngingstiltak skal vere avklart med skogeigar på førehand i samband med førehandsgodkjenninga. Det er vidare presisert at areal (frå AR5) med høg bonitet eller betre skal foryngast med planting.
- Tilskotet kan berre utbetalast direkte til skogeigar.
- Miljødokumentasjon og med utskjekk av eventuelle miljømessige konsekvensar skal gå tydeleg fram i alle taubanedrifter i samband med førehandsgodkjenninga.

Med helsing

Lars Slåttå  
fylkesskogsjef

Stein Bomo  
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Stein Bomo  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 72  
E-post: fmrosbo@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland skognæringsforum v/Olaf Gjedrem	Postboks 24	4368	VARHAUG
Vestskog SA		5736	GRANVIN
Norskog	Postboks 123, Lilleaker	0216	OSLO
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum,	3701	SKIEN